


- OSBERGET -



RUTER

1	Jannus 14år	6	20m	BB	th-19
1a	-	5+	-	BB	
1b	-	4	-	BB	
1c	-	5-	25m	BB	

Behov 60m tau, 10 kortslynger og slynger og karabiner til standplass

Ruta begynner i den bratte kaminen og kjem inn på ei grashylle. Her i frå kan du velge å gå venstre(1a) eller høgre(1b) for ønska grad av utfordring. Over kanten er det to ringboltar til standplass. Her er det fint å stoppe for å halde kommunikasjon med neste mann. Vidare følger ruta opp til takoverhenget og ut på svaet mellom dei to trea. Formasjonene er mange og taka gode. Ein kan velge å toppe ut på berget eller stoppe like under. Alt etter om ein skal gå stien tilbake til Bugardsmyra eller rappellere ned til start.

INFORMASJON og ADKOMST

Klippa ligger like vest for Ulsteinvik sentrum. Her har mang ein ungdom frista skjebnen med å bestige berget. Fjellet er fast og fint på midten, men har nokon lause parti i ytterkantene som ein bør vise varsomhet ved.

For å bestige klippa frå botnen parkerer du i busslomma like under fjellet. Sjå kartbeskrivelse for denne destinasjonen. Når bilen er parkert går du bratt opp skogen mellom bebyggelsen til du treffer på klippa.

På toppen er det satt opp ein benk og eit rappellpunkt. Midt på veggen er det ein standplass der du kan resette rappellen om du ikkje har langt nok tau. For å nå til heilt til botnen frå toppen trenger du to tau på 60m.

Ein sti frå toppen fører deg tilbake til Bugardsmyra.

